

Konsert med variert musikk frå dyktige musikarar.

21.05.2017



Katarina Lunde & Co, en ire og Vivi-Ann

Jazz på Oska 25.05.17

Katarina Lunde tar med seg sine musikalske venner fra musikkstudiene på Stord. Her kan vi vente oss, Trad jazz samt irske toner og fransk cafémusikk; alt med et «jazzy» lydbilde.

De vil servere en liten forsmak under utstillingsåpningen klokken 19:30 før konserten tar løst ca klokken 21:00

Billett til konserten koster kr. 80,-

Dyktige musikarar inntar scenen på Oska på Kristi Himmelfartsdag.

Under årets Festidalen vert Katarina Lunde og bandet hennar blant deltakarane. Men allereie Kristi Himmelfartsdag tar Katarina to frå bandet og to andre studentvenner frå musikkstudiet på Stord med seg til Oska. Der vil dei gje ein konsert med god variasjon, og vi får mellom anna høyre tradjazz, irske tonar og fransk cafémusikk.

Katarina Lunde vart tidleg oppdaga som eit stort songtalent i det rike musikklivet på Stord. Etter å ha samla mykje erfaring og musikkstudiar i inn- og utland er ho no i innspurten på avslutningsåret på musikkstudiar på Høgskulen Stord/Haugesund. Der er ho klassekamerat med dei 4 andre musikarane som kjem til Oska. Sambuaren hennar Andreas Tangen trakterer kontrabass, og då dei to var på eit halvt års studie ved ein høgskule i Irland, møtte dei iren Sean Mc Cluskey(gitar, vokal og tangentar). Han har livnært seg av musikken i ei årrekke, og torsdag er han med på laget på Oska.



Morten E. Olsen då han innleia Sommerrevyen 2010 med hefig gitarspel.

Dei to siste musikarane er kvinnheringar, og dei burde vera velkjende for mange. Morten Ersland Olsen imponerte allereie som svært ung med gitarspelet sitt. Eg hugsar han frå mange blendande oppvisningar på kulturskulekonsertar. Han har gjort det skarpt i UKM, og han har motteke Norsk Tipping sitt Draumestipend. Likevel har kanskje flest kvinnheringar opplevd han som den dyktige gitaristen i revyorkesteret under sommarrevyane på Husnes. I tillegg til gitar vil han også traktera tangentar under konserten på Oska. Siste medlem Vivi-Ann Brede Souyris. Ho har opptredd med eige band på Oska tidlegare, og ho har vore aktiv i mange musikkssamanhengar. Godt kjend er ho og som tidlegare vokalist med stor innleving i Jazzverket.

Eg trur dette vert ein konsert med musikk som vil treffa mange. Eg gler meg! Konserten startar ca. kl.21, men før det får vi ein forsmak under utstillingsopninga kl.19.30 same kveld.

Fredag er det klart for ein ny runde med quiz på Oska og søndag vert det servert søndagsmiddag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå facebookside Smakifrå og Kvinnheringen.